



Nr 10 | November 2020 | årg. 5



Kundemagasin

Side 6-7

## Framtida - nye generasjoner

- Bømlobarnehagane får spennande røyrkoffert!

Side 4-5

## Rubbaren som vil reinske elvane

- Martin Alvsvåg er grunnleggar av Rivers.Global

Audun Halleraker  
Dagleg leiar BVA

## Starten på framtida er no!

### I Friskt denne gongen ser me litt på samanhengen mellom det me har gjort før og det me gjer i dag for å nå våre mål i framtida.

— Me legg mykje av grunnlaget for trygg og god vassforsyning og avløp i framtida no. Det handlar om gode planar, fornuftige og systematiske investeringar og godt vedlikehald.

#### Neste generasjon

Det er alltid kjekt å vera ilag med barna. Iver og engasjement lyser ut av augo deira og dei går «all in» når noko skal snakkast om på gruppa. Når dei til og med kan få prata om tiss, bæsj og sånn, ja då tar det gjerne heilt av! - Det me opplevde i barnehagen på Finnås var ekstra kjekt fordi dei små som fekk presentert opplegget om korleis avløp fungerer tok imot med stor interesse.

For oss i BVA er planen bak dette tiltaket å gi kunnskap til neste generasjon. Forståelse for korleis ting heng saman gir forventningar som stemmer med tenestene BVA kan levera i framtida.

#### Vatn i globalt perspektiv

Av og til er det nyttig å sjå vår situasjon i forhold til det som skjer for millionar menneske ute i verda. Det er fortvilande å sjå korleis elvane, altså vassforsyninga

for så mange menneske, blir systematisk ureina av avfall og plast. - Og så kan me gleda oss over initiativrike personar som nyttar fritid, energi og innsikt på å gjera noko med det. Det imponerande arbeidet Rivers.Global gjer, med bømlingen Martin Alvsvåg i spissen, fortener merksemd og anerkjennelse!

#### Plan for det uføresette

I planen for neste års aktivitet ligg naudvatn. BVA ønskjer og er forplikta til å leggja til rette for situasjonar me gjer alt for å unngå. - Men det uføresette kan skje, og erfaring viser at då er det dei som er førebudde som lukkast. Me skal ha på plass utstyr, prosedyrar og organisering av distribusjon av naudvatn i løpet av det neste året. Det blir bra!

«Me legg mykje av grunnlaget for trygg og god vassforsyning og avløp i framtida no.»

#### Året blei spesielt

Då me runda årsskiftet såg me ikkje dette komma, koronaåret har sett eit usletteleg spor etter seg i heile verda. - Men me lever i håp om betring og kontroll i månadane framover, og at 2021 kan gi «Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur» som me seier i BVA!

Audun Halleraker,  
dagleg leiar

BØMLO VATN OG AVLØP

Vår visjon er:

**Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur.**

«FRISKT» | Kundemagasin utgjeve av Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS  
Ansv. red. Audun Halleraker  
Design & tekst: Synleg AS  
Foto: SYNLEGG  
Distribuert til hushaldningar i Bømlo.



Framsidede:

Ivrige barn i leik for å læra meir om korleis det heng saman når me spuler ned i vask og toalett. Det handlar om kunnskap om vatn og avløp...



Førskulelærer Anita Helle ved Espira Finnås barnehage i samtale med Liam og dei andre om det som skjer når me trekker i snora på do.

## Kunnskap til barna

### BVA har laga undervisningsopplegg for barnehagane på Bømlo. Det er laga i samband med FN si markering av verdas toalettdag og er retta mot born som går siste året i barnehagen.

— Me ønskjer å starta tidleg, og på ein kjekk måte. Barna er framtida. For oss er det viktig at dei allereie no får gode haldningar til forureining av naturen og blir medvitne på korleis avløp og vassforsyning virkar, seier dagleg leiar i BVA, Audun Halleraker.

Så kan me etter kvart bygga på dette grunnlaget når me seinare informerer. Me vil gjerne at neste generasjon forstår både praktiske og økonomiske sider av arbeidet med vatn og avløp, fortset han.

#### Samarbeid med barnehagane

— Barnehagane blei kontakta for om lag eit år sidan, og saman har me utvikla det pedagogiske opplegget i løpet av året, seier Elise H. Halleraker i BVA. — Me har fått viktige og gode innspel frå dei

som tross alt er fagfolka, og som kjenner barna, fortset ho. Me får jo ikkje sagt alt på ein gong, så det barna får i dette opplegget er det me tenkjer passar for dette alderstrinnet. Det er forteljingar, spel og røyr-byggesett med «ekte røyr». Det gir noko kjekt å gjera på og innsikt i korleis avløpsrøyr faktisk er sett saman.

#### Små, viktige do-inspektørar

Do-inspektørheftet skal barna

«Dette var veldig bra, barna blei engasjerte og hadde det kjekt!»

Førskulelærer Anita Helle i Espira Finnås barnehage

ta med seg heim, det inneheld oppgåver å løyse, teikningar for fargelegging og teikneserie. Det er viktig å få fokus på at det er mykje som ikkje har noko i toaletta å gjera. Med å kasta avfall i bosbøtta i staden for doen blir BVA sitt arbeid enklare. Me slepp tette røyr, og dessutan skånar me naturen med at mindre plast og

avfall kjem ut i naturen og havet.

— Dei små inspektørane følgjer nemleg vanlegvis nøye med kva me vaksne gjer på, og gir beskjed når me ikkje gjer rett, seier Elise H. Halleraker - Så er det jo eit godt høve til å snakka ilag om nettopp kva me



Vassbjørn sin røyrkoffert har mykje spennande å by på. Det var veldig kjekt for oss i BVA at mottakinga på Finnås var så god, takk for at me fekk komma, seier Elise H. Halleraker!

ikkje må kasta i doen, fortset ho. — Det er framleis alt for mykje skadeleg avfall som hamnar i avløpet!



Martin Alvsvåg vaks opp på Rubbestadneset, no brenn han for oppsamling av plast og opprydding av dei viktige elvane i verda. Her framfor ein enorm avfallshaug i Vietnam i 2019.



— Eg trur ikkje me veit kor heldige me er som har reint vatn i springen. Vatn som i tillegg smakar godt. På reiser i utlandet er det ikkje brunosten nordmenn flest saknar, men godt vatn i springen, fortel Martin Alvsvåg. Her blir søppelet dumpa rett i elva ein stad i Sør-Amerika.

# Martin brenn for eit reinare hav!

Martin Alvsvåg vaks opp i Rubben og fiska pale frå eigen robåt allereie som 6-7 åring. Det han hausta frå havet selde han til naboen. No arbeider han i Sjømannskyrkja og har ved sida av jobben grunnlagt Rivers.Global - ein organisasjon som arbeider for eit reinare hav.

— Det gjekk opp for meg då eg leste meg opp på dette med plast i havet, at elvane i verda spelar ei nøkkelrolle i kampen for mindre plast i havet, fortel Martin Alvsvåg.

— Det er elvane som fører med seg mestedelen av plasten som endar opp i havet. Dersom me ønskjer eit reinare hav, må me setja inn kreftene på å stoppa tilførsla av plast FØR den når havet, fortset ein engasjert Martin. — Jo tidlegare, dess betre. Det fins elvar i Sør-Amerika, Afrika og Asia som er så fulle av plast at ein ikkje ser vatnet! Så kjem det ein monsun, eller slagvatn om ein vil, og elvane fører plasten ut i havet.

Det er viktig å få stengd av desse hovudkranane, og det hastar. Det er det som er så bra med elveoppsamlaren vår. Når den er ferdig teikna ut, i minste detalj, og nøye prøvd ut, skal den kunna kopierast heilt gratis, kor som helst i verda. Her trur me på tekniske nyvinningar kombinert med lokal arbeidskraft. Me kan vera dei som set i gong og som bidrar med teknologi og inspirasjon. Dei som bur i landet må gjera jobben. Først då blir det varig endring, seier Martin. - Dette er filosofien og strategien til Rivers.Global.

## Resirkulering er viktig

Rivers.Global arbeider også med andre sider av plast-problematikken, fortel Martin. — Me vil arbeida strategisk for at fleire land skal redusera bruken av eingongsplast og innføra panteordningar på brukt plast. Det er også viktig med reintbrennande omnar, gjerne med energigjenvinning, for avfall som ikkje kan resirkulerast. Her kan det skapast arbeidsplassar.

## Pantaren

Me prøver oss på ein jungelvits midt i det tunge alvor: Kva heiter det mest miljøvennlige dyret i jungelen? - Pantaren!

«Elvane i verda spelar ei nøkkelrolle i kampen for mindre plast i havet»

Martin Alvsvåg, grunnleggjar og styreleiar i Rivers.Global

Rivers.Global vil også jobba politisk for å få på plass panteordningar som gjer brukt plast til ein ressurs. Pengar er eit språk som blir forstått over heile verda. Dersom ein får greitt betalt for å pante plast, vil han bli pantala!

Dette vil kosta pengar, men kanskje me ikkje har råd til å la det vera, spør Martin Alvsvåg.

## Allsidig strategisk påverking

Rivers.Global har også som mål å bevisstgjera og formidla kunnskap om kvifor det er så viktig med reinare elver. — Her vil me jobba med lærarar, journalistar, helsearbeidarar og politikarar for å auka kunnskapsnivået. Me vil knyta til oss pedagogar og kunstnarar, i tillegg til fagpersonar, fordi dei vet noko om å kommunisere ein bodskap.



## Gledeleg støtte

Rivers.Global er ein ideell organisasjon med frivillige medarbeidarar, førebels utan tilsette. — Me er i startgropa, og veks sakte men sunt! Og så har me eit breitt samansett og svært kompetent styre. Greåker videregående skule med 1200 elevar er ein viktig partner for oss. Det same med KPMG og ein del kommunar som også har gitt oss støtte. Me har runda 300 medlemmer, og folk gir bursdagen sin til Rivers.Global på Facebook!, seier Martin. Berre gå inn på våre nettsider «[www.rivers.global](http://www.rivers.global)», der kan du bli medlem eller støtta arbeidet!



Elveplastsamlaren «The River Cleaner» er utvikla av Rivers.Global i samarbeid med flinke folk. Grafikk: Steinar Hillersøy Dyvik

## The River Cleaner

brukar straumen i elva til å føra plast og anna inn i ein stor trålpøse, som enkelt kan løftast opp og tømmast på land i ei handavending. So kan innhaldet sorterast før vidare handtering. Teikningane har dei fått hjelp av bror til Martin, Norvald Alvsvåg til å laga. Dei er sokalla «open source», altså tilgjengelege heilt gratis for alle, ingen patentar! — Det er dessverre nok av forurensa elvar å ta tak i, og det hastar med å få redusert det jevne tilsiget



Fotos: SYNLEGG | Magne Raknes



Spennande å sjå kva den blå kofferten inneheld og bli kjende med Vassbjørn i BVA!



Kor var det no det andre kortet låg?

# Endeleg kan me snakka om...

Mange gongar plumpar det ut ord me ikkje «har lov å seia», sånn som tiss, bæsj og sånn. No skal me faktisk bruka nettopp dei orda!

Me er på besøk i Espira Finnås. Dei skal prøva ut det pedagogiske informasjonsmateriellet frå BVA om avløp. Vassbjørn sin røyrokoffert inneheld ei rekke hjelpemiddel for å setja lys på kva som skjer i avløpet når me trekkjer i snora på do. Det er tilpassa dei eldste i barnehagen.

### Godt mottatt

Me blir godt mottatt i barnehagen på Finnås av Anita og Malin. Det har vore trekning om kven av barna som skulle få vera med å sjå opplegget først

av alle førskulebarn på heile Bømlo! - Dei heldige er Liam, John, Dagfinn og Jakob, dei set klare til å sjå kva den blå kofferten frå BVA inneheld.

### Ei viktig forteljing

Det første dei fire forventningsfulle gutane får høyra er forteljinga om Vassbjørn (maskoten til BVA) og ting han jobbar med. Han finn ut kvar det lek frå røyr, han veit kva me kan ha i do og kva me slett ikkje må kasta der! Han fortel om kva som kan skje dersom me kastar ting i do som ikkje skal vera der!

### Kva skjer når me skyl ned?

Kor blir det av bæsj og tiss og dopapir når me trykker på knappen over do? Det er det mange som lurar på, og no får me vite det! Det blir sam-

la i septiktankar eller pumpa til ein stasjon for slikt. Så blir bæsjen henta av SIM og blir til mold. Liam kan fortelja at ein gong tok SIM-bilen leika hans, det var ikkje so kjekt! - Tisset blir reinsa før det blir pumpa til havs.

### Små raude hytter

Det dukkar stadig opp nokre små, raude hytter i forteljinga. Det viser seg at fleire av gutane har sett slike hytter, det står ei slik like ved Bømlo Folkehøgskule. No får dei høyra kva som skjer inni hyttene, dei pumpar vatn eller avløp for oss som bur her.

### Dette engasjerer!

Førskulelærer Anita Helle er godt nøgd med responsen hos dei fire gutane. — Dei var engasjerte frå første minutt og det er tydeleg at dette traff, seier ho. Dei lytta til forteljingane, praten gjekk, spela var kjekke og bygginga av Roar Røyr utfordra til samarbeid. Det skal bli kjekt å bruka dette opplegget vidare, avsluttar ho.



Yess - to like i hugaspelet!



Liam, John, Dagfinn og Jakob kan no bli do-inspektørar heime!





Fleire ting ligg til rette for å nytta Haldorsvatnet og Hamren i naudvatn-ordninga i kommunen vår.

# Naudvatn, plan for uføresette hendingar

**Kva skjer om vatnet i eit heilt område blir borte, eller ikkje kan brukast? - Det er det naudvatn-prosjektet me skal i gong med over nyttår handlar om.**

— Når vatn i eit av våre forsyningsområde fell bort eller ikkje kan brukast, må me ha eit alternativ som fungerer, fortel Odd Petter Habbestad, drifts- og prosjektleiar i BVA. — Det er strenge forskrifter for korleis dette skal gjerast, det skal mellom anna vera eit heilt uavhengig system som ikkje er i bruk utanom i naudsituasjonen.

## Interkommunalt samarbeid

— Me skal kunna ha på plass naudvatn kort tid etter at ei hending har inntruffe, seier Habbestad. — Utstyr for slik beredskap er kostbart og difor er det naudsynt og ønskjeleg å nytta felles ressursar kommunane imellom. Utstyret består mellom anna av 1000-liters tankar for utplassering og 10.000 liters tankar som kan setjast på

lastebilar, sokalla krokobilar.

Med å ha utstyr strategisk plassert kan det hentast i løpet av ein time og to. Det blir arbeidd med avtaler mellom kommunane i Sunnhordland og Haugalandet for slike fellesløsningar.

## Organisering og hygiene

Erfaringar frå kriser andre stader viser at i ei krise er det like viktig å ha organiseringa på plass som utstyr. Det betyr at me i tett samarbeid med kommunen og andre har definerte rollar og ressursar som veit kva dei skal gjera i naudfall. I slike reserveløsningar er det like viktig som elles å ha prosedyrar og rutinar som sikrar forskriftsmessig hygiene, tryggleik og effektivitet.

## Haldorsvatnet idéelt

Me har ei gunstig løysing for dette i samband med at Haldorsvatnet ligg svært greitt til i forhold til høgdebassenget me har på Hamren ved Urangsvågen. Haldorsvatnet er ikkje ein del av forsyningsvatna

våre, dessutan har det så god kvalitet at det ikkje treng anna reinsing enn UV-stråling og klor. Det er allereie på plass røyr frå vatnet opp til høgdebassenget, i prosjektet skal det byggast ny ventilkumme og leggjast røyr ned til ein fyllingsplass ved Særverudsøy-vegen.

## Korleis fungerer naudvatn?

Nede ved vegen er planen å byggja fyllekum over trereng og ein snuplass for større kjøretøy (trailerar) som kan fylla vatn direkte på tankane. Dette vatnet blir så kjørt ut til området der vatnet ikkje kan brukast eller av andre årsaker ikkje er tilgjengeleg. Her blir det fyllt på tusenliters tankar med sterile eingangssekkar i. Så kan folk komma å få vatn med seg i egne flasker eller kanner.

## Hamren i 2021

BVA sitt prosjekt på Hamren har start i starten av 2021 og skal vera ferdigstilt utpå hausten ein gong. — Me ser fram til å ha denne tryggleiken på plass sjølv om det forhåpentleg aldri blir bruk for, seier prosjektleiar Odd Petter Habbestad til slutt.

«Utstyr og organisering er like viktige suksessfaktorar»



Foto: Shutterstock

Våre vener småfuglane kan også feira jul med ekstra god julemat dersom du blandar matfeittet saman med frø, gryn og nøter og legg det ut!

## Kor blei det av matfeittet? Fuglane veit!



**Me kan vel trygt slå fast at det blir ei annleis jul i år. Lite er vel meir tradisjonstungt enn jule- og nyårsfeiringane her i Noreg. 2020 skal også avsluttast på tradisjonelt vis, men i år blir det med pålagde og tilrådde restriksjonar.**

Nesten ingenting slår den gode kjensla av lukta frå pinnekjøtt og ribbe. Det kan me heldigvis oppleve også denne jula, og me får håpa at det blir høve til å møtast med våre næraste til god mat og drikke. - Og kjenna på det gode me har ilag.

## Det skumle matfeittet

Dei himmelske julemiddagane har ofte ekstra feite restar. Har du tenkt over kva du gjer med alt feittet etter middagane i jula?

Avløpet tek nok i mot feittet om du kastar det i vasken med ein god dose vaskemiddel, eller om du tømmer det i do. - Det dumme

**JULETIPS :)**



## Slik kan du kvitta deg med matfeitt

- Etter julemiddagen avkjøler du feittet så det stivnar. Skrap det ut og tørk med kjøkkenpapir. Kast feitt og papir i bioavfallet.

- Større mengder flytande olje heller du i ein tom mjølkekartong, teip den igjen og kast den i restavfallet.

- Når du steikjer middag, så gjer det til ein vane å alltid tørka av steikepanna med kjøkkenpapir når du er ferdig. Då er det også lettare å vaska den etterpå.

- Smultringbaking kan gje deg ein stor rest med matfett. Hiv det i bioen, eller hell det i ein mjølkekartong, ha i solsikkefrø, havregryn, mandlar og hasselnøtter og vips så har du julemat til småfuglane! Lag nokre hol i kartongen og stikk i ein pinne dei kan kvila seg på, før du heng det ut.

med det er at det kan få konsekvensar. I verste fall kan avløpsrøyra dine tetta seg slik at kloakken går feil veg - og det er ein lite triveleg måte å feira jula på...

Følg gjerne tipsa til høgje når du ryddar etter julemiddagen.

Så vil me **ønskja deg god jul** - etter kvart!



## Unngå frosne røyr!

Me rår dei som har hus med kjellarar å setta ein vifte/varmovn på låg effekt for å halde litt varme. - For dei abonnenter som har isolerte vassleidningar med varmekablar er det ikkje nødvendig å foreta frosttapping. Det er heller ikkje lov! Vassøyra har varmekablar nettopp for å hindra at dei frys, sjølv om leidningen har liten eller ingen overdekning.

De som har tomme hus/fritidsbustader bør sjekka desse, slik at det ikkje oppstår vasslekkasjar som følge av frostsprengning. Steng hovudkran og tapp vatn ut av leidningane. Isolér gjerne grunne leidningar, anten med isolermatter eller ved å grave på meir jordmasse.



# Etterslep i vatn- og avløps-Noreg

## NRK skreiv allereie før kommunevalet i 2019 at prislappen for etterslepet av vatn- og avløpsanlegga i Noreg vart på svimlende 390 milliard kroner. - Korleis står det til i Bømlo, undrar me...

— For å forstå situasjonen i Bømlo må me sjå tilbake på det som har skjedd tidlegare, kan dagleg leiar i BVA, Audun Halleraker, fortelja.

### Historia i Bømlo

Det var over tretti private vassverk på Bømlo, og dei var bygde med ein enorm dugnadsinnsats. Det har vore eit uvurderleg grunnlag både praktisk og økonomisk for det som i dag er BVA. Dersom ein skulle bygd ut det som var på plass då først Bømlo kommune, og seinare BVA, i si tid tok over dei private anlegga, ville det kosta for mykje. Me snakkar om fleire hundre kilometer med leidning! - Med dei prisane abonnentane våre har i dag hadde

«Me skuldar alle dei som arbeidde dugnad i dei private anlegga stor takk. Dei la grunnlaget for den gunstige situasjonen me er i no»

Audun Halleraker

det ikkje vore råd å fått det til. Kostnaden med dette hadde vorte for stor. — Me skuldar alle dei som arbeidde dugnad i dei private anlegga stor takk. Dei la grunnlaget for den gunstige situasjonen me er i no, fortel Audun Halleraker.

### Vinn-vinn

Samstundes under-

strekar han at det var godt samarbeid mellom kommunen og dei private vassverka før kommunen tok over. Då dei nye og strengare drikkevassforskriftene kom på 1990-talet vart det svært kompetanse- og arbeidskrevjande for alle dei små vassverka å tilfredstillast desse. Dermed fekk dugnaden avløyning av

ei meir profesjonell drift, først i kommunen og seinare i BVA.

### Spreidd busetnad

Sjølv om det dei seinare åra har blitt fortetta busetnad rundt bygdesentra våre

er det framleis krevjande å bygga vatn- og avløp her hos oss. BVA har meir enn



500.000 meter i leidningsnett sitt. Det tilsvarar ein kjøretur frå Svortland til Lillestrøm! - Dessutan hentar me vatnet frå lågtliggende kjelder og må difor pumpa det opp i høgden for å få trykk i røyrane.

### Satsing på framtida


— Bømlo kommune er ein framoverlent og driftig kommune med mange gründerar og stor politisk vilje til utvikling, fortel Audun Halleraker. — Det er som dei fleste har fått med seg eit unikt vegbyggeprogram her hos oss. Infrastruktur heng saman, difor er det også eit stort investeringsprogram for vatn og avløp parallelt med vegbygginga.

— Konklusjonen på undringa blir vel då at sidan historia er som ho er og framtida er satsingområde for oss i Bømlo, så er stoda god når det gjeld helsa til vårt vatn- og avløpssystem, sluttar Halleraker.

Det er investert i topp teknologi og gode produksjonsanlegg i BVA. Her ser me inn i anlegget i Åreiddalen.



Jan Roar Grutle og Trond Åsmund Sandnes har rigga alt klart for pigging, ventar berre på at dei to i andre enden skal stenga av alle forgreiningar og gjera klar til å kjøra piggan gjennom.



Tor Eivind Gilje leverer røyrret som piggan skal komma ut av til Nils Ragnar Vika nede i kummen.

# God natt, sov godt, me spyler røyra imens!

## Det er mørkt, klokka har passert 23.00 og dei fleste av oss er på veg i seng. - Det skin eit lys i mørkret ein stad på Svortland, og me skimtar ei kvit vogn med open dør.

I det me kjem bort ser me to BVA-karar i sving inni og utanfor vogna. — Drikkevannet som går gjennom røyrane våre er reint. Likevel avleiar det seg over tid litt belegg på innsida, og det fjernar me frå tid til anna, forklarar Jan Roar Grutle. Han er i ferd med å «lada» det mange kallar «pluggar» inn i tre røyr inne i piggevogna, medan kollega Trond Åsmund Sandnes koplar inn eit fleksibelt røyr til ventilen nede i kummen.

### Betre HMS og hygiene

I BVA kallar dei det «piggar», og piggevogna har dei utvikla sjølv, fortel dei stolte. Før måtte me ned i kummen for kvar ny pigge som skulle inn i vassrøyrret. Altså måtte me kanskje ned og skru laus koplinga fire gongar i løpet av pigginga, medan det no held å kople til og frå den fleksible slangen

ein gong. — Det sparer mykje tid for oss og dessutan er HMS-en mykje betre, fortset Jan Roar. — Det er mykje mindre sjans for å få ureining inn i systemet legg Trond til. Piggane kjem reine og innpakka til oss, og me står inni vogna og ladar dei i røyra. Det er mange vassverk som har kome for å sjå oppfinninga vår, kan Trond fortelja, og det er jo kjekt!

Nils Ragnar Vika og Tor Eivind Gilje har nett gått frå kum til kum på det strekket dei skal reinsa og stengt alle forgreiningane. Til slutt skrur dei på eit par-tre meter langt røyr nede i kummen, på grunn av høgdeforskjelen, forklarar dei. Piggane skal komma ut av dette røyrer når dei har gjort jobben.

### Mens du søv...

For å skapa minst mogleg problem for våre kundar gjennomfører me difor mange av utspylingane på natta, som regel mellom 23.00 og 06.00, me må jo stenga av vatnet. — Nokre utspylingar må me desverre likevel gjennomføra på dagtid, sluttar Nils Ragnar av, no er det tid for ein kopp kaffi!

## Vannvittig :-)

— Mamma, det er ein mann på døra! Han samlar inn til det nye symjebasssenget.

— Du får gi han eit glass vatn då, little venn.



BØMLO VATN OG AVLØP

### Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS

Org. nr. 985 228 825  
Pb 214, 5445 Bremnes  
Besøk: Hollundsdaalen 21  
Tlf: 53 42 88 40  
Vakt: 53 42 88 45

Retur:  
Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS  
Pb 214  
5445 Bremnes



SYNLEGG

Foto: SYNLEGG | Magne Raknes



friskt

Tor Eivind Gilje og Nils Ragnar Vika tar imot piggane når dei kjem ut etter å ha reinsa røyra.